



KOMMUNAL PLANSTRATEGI
for
VINJE KOMMUNE
2024-2027



Vedteke i kommunestyre xx.xx.xxxx, sak xx/xx

INNHALD

1.	Bakgrunn og formål.....	3
1.1	Bakgrunn.....	3
1.2	Formålet med planstrategi.....	3
2.	Planstrategien	5
2.1	Tilhøvet mellom planstrategi og kommunale planar	5
2.2	Rammer for planlegginga	5
3.	Utfordringar i kommunen – To hovudutfordringar	7
3.1	Klima, miljø og klimatilpassing.....	7
3.2	Folketalsutvikling.....	8
4.	Status, drøfting og prioritering av planar og planbehov.....	9
5.	Planoversikt.....	11

1. BAKGRUNN OG FORMÅL

1.1 BAKGRUNN

Planstrategien omfattar ei drøfting av kommunens strategiske val knytt til samfunnsutvikling, m.a. langsiktig arealbruk, miljøutfordringar, sektorens verksemder og ei vurdering av kommunens planbehov i valperioden.

Gjeldande planstrategi for 2020-2023, blei vedteken av kommunestyret 17.11.2022. Denne planstrategien skal no rullerast.

Gjennom den kommunale planstrategien skal kommunestyret ta stilling til om kommuneplanen skal reviderast, heilt eller delvis, eller bli vidareført utan endringar. Kommunestyret må og ta stilling til om det er behov for revisjon av andre planar i valperioden 2024-2027.

Planstrategien har ingen rettsverknad og er ikkje formelt bindande for kommunen. Den kan reviderast etter behov innafor valperioden. Synspunkt frå statlege og regionale organ og nabokommunar skal innhentast. Saman med dei sektorvise innspela frå kommunens tenesteleiarar dannar dette grunnlaget for Vinje kommune sin planstrategi.

Nye mål og strategiar for kommunen vert ikkje vedtekne i kommunal planstrategi, men blir teke opp i kommuneplanens samfunnsdel. I gjeldande samfunnsdel er følgjande hovudmål vedteke: *Ein god stad å vera for alle, Med naturen som ressurs og Kompetansekommunen.*

1.2 FORMÅLET MED PLANSTRATEGI

Planstrategien er forankra i plan- og bygningslova § 10-1. *Kommunal planstrategi* som seier:

Kommunestyret skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden.

Kommunen skal i arbeidet med kommunal planstrategi innhente synspunkter fra statlige og regionale organer og nabokommuner. Kommunen bør også legge opp til bred medvirkning og allmenn debatt som grunnlag for behandlingen. Forslag til vedtak i kommunestyret skal gjøres offentlig minst 30 dager før kommunestyrets behandling.

Ved behandlingen skal kommunestyret ta stilling til om gjeldende kommuneplan eller deler av denne skal revideres, eller om planen skal videreføres uten endringer. Kommunestyret kan herunder ta stilling til om det er behov for å igangsette arbeid med nye arealplaner i valgperioden, eller om gjeldende planer bør revideres eller oppheves.

Utarbeiding og behandling av kommunal planstrategi kan slås sammen med og være del av oppstart av arbeidet med kommuneplanen, jf. kapittel 11.

Plandelen i den nye plan- og bygningslova tredde i kraft 1. juli 2009. Med lovendringa vart krav om kommunal planstrategi innført som eit nytt verktøy:

BETRE OG MEIR BEHOVSSTYRT PLANLEGGING

Formålet er å gjera klart kva for planoppgåver kommunen bør starte opp med eller vidareføre for å legge til rette for ynskja utvikling i kommunen. Planstrategien set eit sterkt fokus på at planlegging skal vera behovsstyrt og ikkje gjerast meir omfattande enn naudsynt.

VERKTØY FOR POLITISK PRIORITERING AV PLANOPPGÅVER

Den kommunale planstrategien er eit hjelpemiddel for det nye kommunestyret til å avklare kva for planoppgåver kommunen skal prioritere i valperioden for å imøtekoma kommunens behov. Eit viktig mål er å styrkje den politiske styringa av kva for planoppgåver som skal prioriterast.

BETRE SAMARBEID OM PLANLEGGING PÅ TVERS AV KOMMUNE- OG FYLKESGRENSER

Kommunal planstrategi er ein viktig arena for å drøfte og avklare behov for interkommunal planlegging. Dette kan gjelde både innanfor arealplanlegging og tenesteyting.

KOMMUNAL PLANSTRATEGI ER IKKJE EIN PLAN

Kommunal planstrategi er soleis ikkje ein arena for å vedtaka mål og strategiar, men å drøfte utviklingstrekk i kommunen som samfunn og organisasjon som grunnlag for å vurdere planbehovet i kommunestyreperioden.

Planstrategien er retningsgivande for kommunes planlegging og har ingen direkte rettsverknad for kommunens innbyggjarar. Det kan ikkje fremjast motsegn mot kommunal planstrategi.

2. PLANSTRATEGIEN


Planstrategi er ikkje ein plan, men har stor påverknad på kommunens planarbeid i gjeldande kommunestyreperiode.

2.1 TILHØVET MELLOM PLANSTRATEGI OG KOMMUNALE PLANAR

Kommunens oppgåver er lagt til kommunelova, plan- og bygningslova, forskrifter og nasjonale og regionale føringar og politiske vedtak. Dei overordna planane vert vedteke av kommunestyret, og det er avgjerande at planar under styringsdokumenta blir ein operasjonalisering av dei overordna dokumenta.

Ein delar det kommunale plansystemet i tre ulike nivå i eit hierarkisk system:

1. Strategisk nivå med vurdering av behov for planrevisjon og kommuneplanens samfunnsdel og arealdel.
2. Strategisk utdjuping med kommunedelplanar, temaplanar, strategiar og område- og detaljregulering. Desse gjerast ved behov.
3. Prioritering av tiltak gjennom kommuneplanens handlingsdel, handlingsprogram og økonomiplan.



Spørsmålet om rullering av samfunnsdel og arealdel av kommuneplanen skal drøftast i den kommunale planstrategien.

2.2 RAMMER FOR PLANLEGGINGA

Det leggjast føringar frå internasjonale, nasjonale og regionale instansar.

2.2.1 INTERNASJONALE FORVENTINGAR

FN har utarbeidd 17 berekraftsmål som skal styrke den globale utviklinga, utjamne ulikskap i samfunnet og skape ei framtid som er berekraftig og spelar på lag med naturen. Vinje kommune skal utvikle planar i kommunen i samsvar med FNs berekraftsmål.



Berekraftmåla reflekterer dei tre dimensjonane i berekraftig utvikling: klima og miljø, økonomi og sosiale forhold. Måla skal vise veg mot ei berekraftig utvikling på kort og lang sikt.

2.2.2 NASJONALE FORVENTNINGAR

Regjeringa legg kvart fjerde år fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging.

På bakgrunn av dei mest aktuelle berekraftsmåla og regjeringa sine prioriteringar for korleis ein kan møte utfordringane gjennom regional og kommunal samfunns- og arealplanlegging, legg regjeringa vekt på fem hovudområde:

- Samordning og samarbeid i planlegginga
- Trygge og inkluderande lokalsamfunn
- Velferd og berekraftig verdiskaping
- Klima, natur og miljø for framtida
- Samfunnssikkerheit og beredskap

Noreg har slutta seg til 2030-agendaen med 17 mål for å fremme ein sosial, miljømessig og økonomisk berekraftig utvikling. Dei nasjonale klima- og miljømåla gjev rammer for planlegginga og er sentrale for at berekraftsmåla kan nås. Her finn du dei nasjonale forventningane 2023-2027: [Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023–2027](#).

2.2.3 REGIONALE FORVENTNINGAR

Nye Telemark fylkeskommune vil ha ei rekkje planar som legg føringar for korleis kommunar skal planlegge og kva fokusområde som bør vurderast.

Prosessen med å lage ny regional planstrategi for Telemark 2024-2028 starta i 2023. Planstrategien vil gjere greie for dei viktigaste regionale utviklingstrekk og utfordringar, samt vurdere høve for langsiktige utviklingstrekk i det nye fylket.

- [Regional klimaplan for Telemark 2019-2026](#) med tilhøyrande handlingsplan legg opp til ein politikk som skal nå målsetninga vedteken i fylkestinget om 60 % reduksjon av klimagassutslepp innan 2030.
- [Areal- og transportplan for Telemark 2015-2025](#) (ATP) 2015-2025
- [Regional Plan Setesdal Austhei, Ryfylkeheiane og Setesdal Vesthei](#) (Heiplanen) med handlingsprogram og plankart.
- [Regional plan for Hardangervidda 2019-2035](#) med handlingsprogram og plankart.

Andre planar finn du på dei nye nettsidene til Telemark fylkeskommune her:

- [Regionale planer og strategier](#).

2.2.4 LOKALE FORVENTNINGAR

Det ligg lokale føringar i tidlegare vedtekne planar ein skal ta omsyn til.

[Kommuneplanens samfunnsdel](#) (2022-2035)

[Planstrategi](#) (2020-2023)

3. UTFORDRINGAR I KOMMUNEN – TO HOVUDUTFORDRINGAR

I planstrategien for 2024-2027 har ein valt å framleis ha fokus på dei same to hovudutfordringane som i planstrategien for 2020-2023. Det er fleire utfordringar i Vinje kommune, men for å konkretisere og forenkle er det valt ut overordna utfordringar som det skal arbeidast med i tida som kjem. Det vil ikkje bli lagt inn tiltak, men generell informasjon rundt utfordringane. Tiltak kjem i eigne planar, og fleire av desse planane har eigne tiltaks- eller handlingsdelar. Desse lagast for å enklare måle resultat av tiltak, og for å enklare setje i verk nye tiltak utan for store rulleringar av planar.

3.1 KLIMA, MILJØ OG KLIMATILPASSING

Klimaproblematikken er vår tids største globale utfordring. Klimagassar som karbondioksid (CO₂), metan (CH₄) og lystgass (N₂O) er ein del av det naturlege kretsløpet. Problemet oppstår når menneskeskapte klimagassar frå fossilt brensel (kull, gass og olje) kjem i tillegg til dei naturlege. Sidan industrialiseringa på 1750-talet har konsentrasjonen av CO₂ i atmosfæren auka med 47%.¹

Konsekvensane av klimaendringar er mange og svært komplekse. På eit globalt perspektiv førar klimaendringane til ein gjennomsnittleg høgare temperatur, meir variert nedbør, hyppigare og kraftigare ekstremvær, havet stig og blir surare og isbrear smeltar. Desse endringane førar med seg katastrofale ringverknadar, som påverkar både menneske, artar og økosystem. Det førar og til færre habitable område på kloden, som igjen fører til at folk

¹ <https://miljostatus.miljodirektoratet.no/Tema/Klima/Klimagasser/>

flytter permanent for å overleve. Dette tyder at Noreg og Vinje truleg må ruste seg på å taka i mot klimaflyktningar i framtida.²

For å avgrense klimaendringane må utsleppet av klimagassar reduserast kraftig. Noreg har plikta seg til å kutte klimagassutslepp med 50 % innan 2030 samanlikna med 1990. Fylkestinget for Vestfold og Telemark har vedteke at regionen skal kutte 60 % i direkte klimagassutslepp innan 2030 samanlikna med 2009, og vera eit lågutsleppssamfunn innan 2050. For å nå dette målet er det viktig at alle sektorar, både nasjonalt, regionalt og lokalt, bidreg. Kommunen har ei sentral rolle i dette arbeidet; av dei nasjonale utsleppa er omlag 20 % knytt til kommunal verksemd. Kommunen har ei viktig rolle som politisk aktør og lokal samfunnsutviklar, myndesutøvar og innkjøpar, samt eigar og drivar av eigne anlegg.

I tillegg til å fokusere på å få ned utslepp, er det avgjerande for kommunens berekraftige utvikling at ein tilpassar planar, visjonar og idear til ein ny kvardag som ein veit kjem til å kome. I Vinje kommune ser me allereie effektane av klimaendringane med auka grad av ekstremvær, meir og hyppigare nedbør, lengre tørkeperiodar og auka risiko for sørpe- og jordskred som fylgje av dette.

I plan for klima og berekraft i Vinje kommune, vedteke 15.04.21, sak 21/26, skal kommunen redusere CO₂-utslepp med 60 % innan 2030 i høve til referanseåret 2009 og syte for ein klimatilpassa og robust kommune. For å nå dette målet er det ei rekkje tiltak i handlingsplanen som fylgjast opp i klimabudsjettet til kommunen. Vinje kommune må kartleggje vassdrag, elvar, bekkar, rasfare, handtering av overvatn og konsekvens og tiltak ved skogbrann. Det er naudsynt å ha ein berekraftig arealplanlegging og sikre karbonrike areal og viktige økosystemtenester for klimatilpassing. Klima- og klimatilpassing må inn alt av planar, strategiar og tiltak som gjennomførast i kommunen for å sikre dette.

3.2 FOLKETALSUTVIKLING

Vinje kommune, lik mange andre distriktskommunar i Noreg, er spådd ein nedgang i folketalet fram mot 2050, i høve folketalsframskrivingane til statistisk sentralbyrå. Dei siste 10 åra har folketalsveksten vore høgare enn framskrivingane skulle tilseie, i stor grad på grunn av innvandring og busetjing av flyktningar. Ei slik utvikling byggjer i stor grad på hendingar andre stader i verda, som me ikkje rår over.

I alt vert innbyggjarane eldre. Samfunnet må leggje til rette for at flest mogleg skal oppleve fleire funksjonsfriske leveår og på den måten sikre ei berekraftig velferdsutvikling i åra framover. Det er naudsynt med tidleg innsats og tilrettelegging med bustadplanlegging, helsefremjande og aktivitetsvenlege nærmiljø med møteplassar som motverkar sosial isolasjon og einsemd.

Det er mykje både innflytting og utflytting til Vinje, og då særleg blant unge i studie- og etableringsfasen i livet. På landsbasis er det ein tendens til at unge vaksne busett seg i meir sentrale strøk og får born der, medan dei eldre blir verande i distrikta. For å kunne auke attraktiviteten til kommunen er det særst viktig å ha gode høve for både bustader og arbeidsplassar.

² <https://fn.no/Tema/Klima-og-miljoe/Klimaendringer>

Vinje kommune skal leggje til rette for berekraftig næringsutvikling, med spesielt fokus på innovative, framtidretta løysingar. Dette gjer Vinje attraktivt i høve til innovasjon og næringsutvikling. Me må tørre å tenkje nytt, fordi Telemark som region er blant dei med lågaste tal i relativ vekst i arbeidsplassar i tiårs-perioden 2013-2022.³ Meir spesifikt for Vinje er tala noko betre, og tala visar at Vinje har positiv relativ arbeidsplassvekst i den same perioden, berre slått av Hjartdal blant kommunane i Telemark.⁴

Distriktssenteret via Telemarksforskning laga i 2018 ein oppdatert rapport som heiter «*suksessrike distriktskommuner anno 2018*», der dei legg fram ein del grunnar for kvifor tilflytting og næringsutvikling i distrikta er betydeleg vanskelegare enn i meir sentrale strøk. Deira funn peikar på nasjonal sentraliseringspolitikk, dei unge sine bustadpreferansar, at næring i sentrale strøk ofte er næring i vekst, medan næringa i distrikta er næring i nedgang, til dømes landbruk. Ein må difor tenkje meir innovativt, og ikkje minst annleis i dei perifere kommunane enn i dei sentrale.

Å auke innbyggartal er ei multivariabel problemstilling som krev ein rad tiltak og ei god, brei tilrettelegging. Det er avgjerande å ha nok arbeidsplassar, bustader og ha godt tenestetilbod. Arbeidsplassar avhenger av til dømes næringsareal, og ledige næringsbygg. Det er heilskapen som avgjer attraktiviteten som bustadkommune.

4. STATUS, DRØFTING OG PRIORITERING AV PLANAR OG PLANBEHOV

VURDERINGA AV PLANBEHOVET (§ 10-1 FØRSTE LEDD)

Kommunal planstrategi skal utformast etter behovet i den enkelte kommune. Det sentrale i paragrafen sitt første ledd er at det skal ligge ei vurdering til grunn for prioriteringane av planbehovet. Første ledd viser til at denne vurderinga bør bygge på ei drøfting av kommunen sitt planbehov i lys av dei utfordringane kommunen har som samfunn og organisasjon. Kommunen bestemmer sjølv innhaldet i vurderingane.

I dei nasjonale forventningane stadfestar regjeringa at oppdaterte planar er naudsynt for å få til ein berekraftig samfunns- og arealutvikling, og for å gjennomføre lokal, regional og nasjonal politikk. Fylkeskommunane og kommunane skal vurdere planbehovet i byrjinga av kvar valperiode gjennom regional og kommunal planstrategi.

KOMMUNEPLANENS AREALDEL

Kommuneplanens arealdel trådde i kraft 01.09.2011. Det er delvis store spørsmål knytt til ein del av føresegnene i planen og det er ein aukande pågang frå innbyggjarar i høve tiltak som ikkje er i tråd med formålet. Arbeidet med å rullere kommuneplanens arealdel starta opp i 2023. Ein har inngått avtale med Asplan Viak om bistand i arbeidet, og ein ser for seg at prosessen strekk seg ut 2025.

³ [Regional analyse](#) for Vestfold og Telemark (Telemarksforskning), punkt 1.1.2.

⁴ [Regional analyse](#) for Vestfold og Telemark (Telemarksforskning), punkt 1.1.7.

KOMMUNEPLANENS SAMFUNNSDEL

Kommuneplanens samfunnsdel blei vedteken i kommunestyret i 01.06.2023 sak 54/23. Mange av måla vart vidareført frå den førre samfunnsdelen. Det vart og jobba med å innarbeide nokre av FNs berekraftsmål, og oppdatering av mål i høve klima og klimatilpassing, i tråd med kommunedelplan for klima og berekraft.

5. PLANOVERSIKT

 = Revisjon/rullering  = Vidareføring  = Ny plan

Tenesteområde som er ansvarleg for planane:

HEM – Helse og meistring









































KNF – Kultur, næring og fritid

OI – Organisasjon og innovasjon

OPP – Oppvekst

PØB – Plan, økonomi og berekraft

TDI – Teknisk drift og infrastruktur

	2024	2025	2026	2027	Neste KS- periode	Kommentar
Overordna planar						
Kommuneplanens samfunnsdel						PØB. Vedteke 2023.
Kommuneplanens arealdel						PØB. Arbeid starta i 2023.
Budsjett og økonomiplan						PØB. Årleg revisjon.
Arealretta kommunedelplanar (KDP) og områdereguleringar						
KDP Rukkemo-Torvetjønn						PØB. Rullert 2023. Overordna føresegner reviderast i samband med KPA.
KDP Åmot						PØB. Rullerast i samband med KPA.
KDP Edland-Haukeli						PØB. Vedteke 2019. Overordna føresegner reviderast i samband med KPA.
KDP Vågslid						PØB. Vedteke 2019. Overordna føresegner reviderast i samband med KPA.
KDP Rauland						PØB. Rullerast i samband med KPA.

	2024	2025	2026	2027	Neste KS- periode	Kommentar
KDP for stiar og løyper						PØB/KNF. Vedteke 2018. Bør reviderast etter KPA.
Kommunale sentrumsplanar						
Haukeli sentrum (20000004)						PØB. Vedteke 2000. Ikkje prioritert i denne perioden pga. kapasitet.
Del av Rauland sentrum – aust (20190001)						PØB. Vedteke 2019. Ikkje prioritert i denne perioden pga. kapasitet.
Rauland sentrum (20090005)						PØB. Vedteke 2009. Ikkje prioritert i denne perioden pga. kapasitet.
Åmot sentrum nordaust (20110003)						PØB. Vedteke 2011. Ikkje prioritert i denne perioden pga. kapasitet.
Åmot sentrum (19760001)						PØB. Vedteke 1975. Ikkje prioritert i denne perioden pga. kapasitet.
Åmot sentrum (19860003)						PØB. Vedteke 1986. Ikkje prioritert i denne perioden pga. kapasitet.
Åmothaugen (20080011)						PØB. Vedteke 2008. Ikkje prioritert i denne perioden pga. kapasitet.
Kommunedelplanar og andre sektorovergripande planar						
Overordna beredskapsplan						TDI. Årleg revisjon.
KDP Helse og meistring						HEM. Vedtak venta i 2024.
Kommunedelplan for trafikksikring						PØB/TDI. Vedteke 2022.
Kommunedelplan for kultur						KNF. Ny plan under arbeid. Vedtak venta i 2026.
Plan for klima og berekraft						PØB. Vedteke 2021, handlingsdel vedteke 2022, handlingsdel

	2024	2025	2026	2027	Neste KS- periode	Kommentar
						reviderast annakvart år, neste gong i 2024.
KDP for Naturmangfald						PØB. Mogleg ny plan, vurderast i samband med budsjett for 2025 (jf. plan for klima og berekraft).
Ruspolitisk handlingsplan						HEM. Vedtak venta i 2024.
Helse og sosial beredskapsplan						HEM. Vedtak venta i 2024.
Smittevernplan						HEM. Vedtak venta i 2024.
Handlingsplan mot vald i nære relasjonar						OPP. Vedteke 2016, revidert i 2023.
Bustadpolitisk plan, inkludert bustadsosial handlingsplan						HEM. Vedteke 2015. Rullering under arbeid.
Verksemdplan SLT (Samordning av lokale rus- og kriminalitets-førebyggjande tiltak)						KNF. Vedteke 2023.
Plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv						KNF. Vedteke 2014. Årleg revisjon av handlingsplan.
Målbruksplan						Rådmannen. Rullert 2023, vidareførast.
Næringsplan						KNF. Vedteke 2023.
Kulturmiljøplan						KNF. Arbeid starta i 2022. Årleg rullering tiltaksdel.
Landbruksplan						KNF. Oppstart 2023.
Beitebruksplan						KNF. Vedteke 2017.
Sektorplanar – men kan gjelde fleire verksemdar						
Oppvekstplan						OPP. Vedteke 2024. Utviklast kontinuerleg.
Frå eldst til yngst						OPP. Rullert 2023.

	2024	2025	2026	2027	Neste KS- periode	Kommentar
Rammeplan for kulturskulen						KNF. Rullering tiltaksplan i 2024 og 2025.
Rammeplan for den kulturelle skulesekken, den kulturelle spaserstokken og den kulturelle barnehagesekken						KNF. Rullering tiltaksplan i 2024 og 2025.
Frivilligplan						KNF. Ny plan, vedtak venta 2024.
Hovudplan for vatn og avløp						TDI. Vedteke 2014. Rullerast ved behov.
Hovudplan Veg						TDI. Vedteke 2015. Rullerast ved behov.
Beredskapsplan for Vinjebarnehagen						OPP. Vedteke 2018.
Handlingsplan mot vald og truslar i skulen						OPP. Revidert 2023. Reviderast ved behov.
Strategiar						
Ladestrategi						TDI. Vedteke 2020. Rullerast ved behov.
Reiselivsstrategi						KNF. Oppstart 2023.
Strategi for redusert bruk og forsøpling av plast						Rådmannen. Vedteke 2018.
Strategi for å rekruttere, utvikle og halde på kompetanse						OI. Vedteke 2023.
Ungdomsstrategi						KNF. Arbeid starta i 2022. Årleg rullering tiltaksdel.
Strategiplan for frivilligsentralen						KNF. Ny plan, vedtak venta 2024.
Kommunikasjonsstrategi						OI. Ny plan, årleg revisjon.
Digitaliseringsstrategi						OI. Ny plan, årleg revisjon.
Strategiplan tilsynssaker						PØB. Rullerast ved behov.

	2024	2025	2026	2027	Neste KS- periode	Kommentar
Retningslinjer						
Retningslinjer for kunstnarisk utsmykking av offentlege uterom i Vinje kommune og retningslinjer for innkjøp, gaver og plassering						OI. Vedteke 2007. Revisjon i samband med rullering av kommunedelplan for kultur.
Utsmykking av kommunale bygg						OI. Vedteke 2007. Revisjon i samband med rullering av kommunedelplan for kultur.
Alkoholpolitiske retningslinjer for Vinje kommune						HEM. Vedtakast i 2024.
Retningslinjer for handsaming av søknader etter motorferdselslova						KNF. Revidert 2021. Revisjon i samband med ferdselsrapport.
Retningslinjer for kommunal støtte til enkeltprosjekt/tiltak/bedrifter						KNF. Under arbeid. Vedtak venta i 2024
Forskrifter for Vinje kommune						
Forskrift om adgang til jakt etter elg, hjort og rådyr						Revisjon ved behov.
Forskrift om hundehald						Revisjon ved behov.
Forskrift om motorferdsel med motorfartøy i utmark og vassdrag						Revisjon ved behov.
Forskrift for politisk godtgjersle og permisjon						Revisjon ved behov.
Adresseforskrift						Revisjon ved behov.
Forskrift om feiing og tilsyn med fyringsanlegg, samt regulering av feiegebyr						Revisjon ved behov.
Forskrift om gebyr for sakshandsaming etter plan- og bygningsloven, matrikkelloven og eigarseksjonsloven						Revisjon ved behov.
Forskrift om politivedtekt						Revisjon ved behov.

	2024	2025	2026	2027	Neste KS-periode	Kommentar
Forskrift for løypenett for fritidskøyring med snøskuter						Revisjon ved behov.
Forskrift om utslepp av sanitært avløpsvatn frå bustadhus, fritidsbustader og liknande						Revisjon ved behov.
Forskrift om vass- og avløpsgebyr						Revisjon ved behov.
Forskrift for innsamling og handsaming av hushaldsavfall, tøming av slamskiljarar, privet, tette tankar mv. og for avfallsgebyr						Revisjon ved behov.
Forskrift om tilsyn med bygningar, område m.m.						Revisjon ved behov.